
Fra: Liv Tystad <Liv.Tystad@lottstift.no>
Sendt: 29. april 2020 15:33
Til: Postmottak NFD
Kopi: Gløersen Christian
Emne: Høyringsinnspel til forslag til mellombels lov om unntak frå krav til fysisk møte mv. i føretakslovgivinga

Vi viser til høyringsbrev av 27. april 2020 i høve ovannemnde forslag til mellombels lov.

Ut frå den særskilte korte fristen for tilbakemelding på lovforslaget, vil våre innspel først og fremst knytte seg til forslaget § 5-2 første ledd.

Som vi ga uttrykk for i høyringsinnspillet vårt til forslaget til forskrift om dei same tema som den mellombelse lova omfattar, tolkar Stiftelsestilsynet § 31 i gjeldande stiftelseslov slik at dersom styreleiar meiner anna handsaming enn fysisk møte er «betryggende», og verken styremedlemmer eller dagleg leiar har innvendingar til dette, kan slik handsaming som forslaget viser til i § 5-2 første ledd også gjennomførast utan unntaksføresegner. Som det går fram av høyringsnotatet er den einaste grunngevinga for forslaget i § 5-2 første ledd å ta frå styremedlemmer og dagleg leiar deira rett til å krevje møtehandsaming etter stiftelseslova § 31 tredje ledd andre punktum.

Det er velkjent kor viktig formen for gjennomføringa av styremøte er for å sikre gode og rette vedtak. Vi legg til grunn at dette også er grunngevinga for innhaldet i stiftelseslova § 31 tredje ledd andre punktum. Vi fryktar at utforminga av lovforslaget § 5-2 første ledd kan gje inntrykk av at styreleiar no skal ha mykje større makt enn det lovgjevar eigentleg har meint og kva dei reelle omsyn som ligg bak behovet for den mellombelse lova tilseier. Vi viser her til at formuleringa i § 5-2 første ledd gjer det mogleg for styreleiar å krevje at styremøte skal gjennomførast skriftleg, sjølv om alle dei andre styremedlemmer meiner dette er uforsvarleg, og ønskjer seg telefonmøte. Vi kan heller ikkje sjå at covid 19-situasjonen tilseier at styreleiar no skal gjevast makt til å tvinge gjennom skriftleg handsaming av saker som eit fleirtal i styret meiner det er uforsvarleg å gjennomføre skriftleg, og som fleirtalet meir det er uforsvarleg å vente med til styret igjen kan møtast. Styret er eit kollektivt organ der alle styremedlemmer har dei same rettar og plikter i høve dei vedtak som vert fatta.

Inntrykket om den makt styreleiar no vert tildelt, vert forsterka av at ordlyden seier «enhver sak», samt at styreleiar kan avgjere at ei sak skal «avgjøre[s]» og ikkje berre handsamast.

Når den tryggleiksventilen som ligg i at styremedlemmer og dagleg leiar kan krevje møtehandsaming vert fjerna og all makt vert lagt til styreleiar, må denne nye «maktposisjonen» knytast opp mot eit vilkår om at det er «nødvendig» for stiftelsen å tvinge gjennom handsaming av ei sak sjølv om nokon av styremedlemmene meiner det er uforsvarleg. Eit slik «nødvendigheitsvilkår» er teke inn i lovforslaget § 2-3 første ledd. Eit slik vilkår må også gå fram av § 5-2 første ledd. Vi kan ikkje sjå at det utgjer nokon avgjerande forskjell at § 2-3 gjeld generalforsamling, og ikkje styre. Vi minner om at styret er det øvste organ i alle stiftelsar.

Av lovforslaget § 5-2 tredje ledd går det fram at protokoll frå styremøte kan signerast ved elektronisk signatur. Vi erfarer at det råder stor uvisse rundt kva som ligg i omgrepet «elektronisk signatur». For alle brukarar av den mellombelse lova vil det vere av stor nytteverdi om lova sjølv inneheld ein definisjon av kva lovgjevar legg i dette omgrepet. Eventuelt at lova har ei vidare tilvising til anna lovverk der dette er definert.

Med helsing

Liv Tystad

seniorrådgjevar jurist Stiftelsestilsynet

Tlf: 57 82 80 58

Mobil: 48 12 41 17

E-post: Liv.Tystad@lottstift.no

